



JUSTISDEPARTEMENTET	
01 OKT 2008	
SAKS.NR.	200408231
AVD/KORT/BET.	RBA /RBA/ HAS
DOK.NR.	89
ARKIVKODE	614.9

HØYRINGSUTTALE - NY LOV OM KOMMUNAL BEREDSKAPSPLIKT, SIVILE BESKYTTELSESTILTAK OG SIVILFORSVARET

I det nye lovutkastet er det mange endringer i fleire forhold som vil ha innverknad på kommunane i større eller mindre grad. Kommunane vil få nye oppgåver og større utgifter. Ein god del av desse utgiftene er det ikkje dekning for i dei kommunale budsjetta.

Voss kommune er av den oppfatning at ei fornying av den gamle Sivildforsvarslova er på sin plass. Ein ser og positivt på at arbeidet med beredskap vert meir regulert gjennom lov og forskrift.

Høyringsuttalen viser til dei 5 krigsåra som eit forklarande bakteppe på kvifor Sivildforsvarslova av 1953 fekk sin oppstandelse. Hovudessensen frå 53 er fortsatt med i høyringsuttalen. At lova trengs fornyast og modernisert i samsvar med nye trusselbilder er heilt klart på sin plass. Voss kommune er av den oppfatning at det er behov for betre pressisering av ansvarsfordeling mellom dei ulike aktørane innan beredskap.

Ved at forsvaret over tid har vorte nedbygd er det viktig at den nye lova er med på å bygge opp sivilforsvaret sitt utstyr og kompetanse. Sivilforsvaret vil fortsatt vere den som i lokalsamfunnet vert sett på som den naturlege samarbeidspartnaren til kommunane i krisesituasjoner. Det er derfor viktig at sivilforsvart med sitt utstyr og sin kompetanse mest mogeleg gjennspeglar dei risikofaktorar som den enkelte kommune har. Derfor må Sivilforsvaret sterkare knyttast opp til dei kommunale ROS analysane.

Materiellet til sivilforsvaret bør moderniserast og fornyast. Det er foreslått at sivilforsvaret skal forvalte og vedlikehalde eige materiell, i den samanheng bør det vere naturleg at sivilforsvaret tek alle kostnadane med sitt materiell. Kommunane kan ha ei plikt på seg til å finne eigna lagringslokaler men ikkje noko økonomisk ansvar utover dette. Alt utstyr som sivilforsvaret disponerer er ein støtteressurs alle beredskapseiningar (politi, helse og andre beredskapsorg.).

Voss kommune meiner at alle kostnadar med sivilforsvarsmateriell må dekkjast av statsbudsjettet. Alternativt som nemnt i utkastet, at alle kommunar som er innan samme Sivildforsvars område får ein fordelingsnøkkel på kostnadene til lager- lagerleige, lønskostnad til materiellforvaltar og vedlikehaldskostnader.

I høyringsuttalen er det skissert at kommunane skal ha ansvar for sektorovergripande ROS analyser. Voss kommune vil be om at det vert pressierer at sektorovergripande ROS analyser gjeld internt innan dei fagfelte kommunane har som sitt ansvarsområde.

Voss kommune er ikkje samd i at kommunane skal overta evakuering i ikkje tidskristiske hendingar, denne mynden må formelt liggja hjå politiet i fredstid..

Voss kommune er av den oppfatning av at ei ny lov er på sin plass, men me ser at det tilkjem ein god del nye kostnadar til kommunen med denne lova. Ein ber difor om at departementet



VOSS KOMMUNE

utarbeidar forskrifter og rettleiarar som viser korleis ein skal få dekt inn sine meirkostnader og sitt meirarbeid for å fylgja krava i lova.

Med venleg helsing

Gunn Berit Lunde Aarvik
Gunn Berit Lunde Aarvik
Ordfører

Einar Hauge
Einar Hauge
Rådmann